

2/15

**REPRESENTANTSKAPSMØTE**
**NORDHORDLAND REVISJON IKS**

**Dato:** Fredag 12. desember 2014  
**Kl.:** 09.00  
**Stad:** Alver Hotel

Desse møtte:

Austrheim kommune: Per Lerøy  
 Fedje kommune: Kristin Handeland  
 Masfjorden kommune: Karstein Totland  
 Meland kommune: Nils Marton Aadland (nestleiar i representantskapet)  
 Modalen kommune: Knut Moe  
 Osterøy kommune: Jarle Skeidsvoll (vara for Kari Foseid Aakre)  
 Radøy kommune: Jon Askeland

Forfall: Kari Foseid Aakre (leiar i representantskapet)

Dessutan møtte: Styreleiar Jorund Stellberg og revisjonssjef Reidar Bjørsvik

---

**SAKSLISTE:**

SAK 08/14 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE  
 SAK 09/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 23.05.2014  
 SAK 10/14 MELDINGAR  
     Referat frå styremøte 12.06.14  
     Referat frå styremøte 18.08.14  
     Referat frå styremøte 06.10.14  
     Styret sin møteplan 2015  
     Orientering frå styreleiar  
 SAK 11/14 GODKJENNING AV ÅRSBUDSJETT 2015  
 SAK 12/14 GODKJENNING AV ØKONOMIPLAN 2016-2019  
 SAK 13/14 VAL AV STYREMEDLEMMER OG PERSONLEGE VARAMEDLEMMER  
 SAK 14/14 VAL AV STYRELEIAR OG NESTLEIAR

---

Nestleiar i representantskapet Nils Marton Aadland, ynskte velkommen og leia møtet.

Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald Kristin Handeland og Knut Moe i tillegg til møteleiar.

**SAK 08/14 GODKJENNING MØTEINNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak:**  
**Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.**

**SAK 09/14 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 23.05.2014**

Det var ingen merknader til møteutskrift.

**Vedtak:**  
**Møteutskrift av 23.05.2014 vart godkjent.**

**SAK 10/14 MELDINGAR**

Referat frå styremøte 12.06.14  
Referat frå styremøte 18.08.14  
Referat frå styremøte 06.10.14  
Referat frå styremøte 24.11.14 (vart delt ut i møtet)  
Referat frå styremøte 10.12.14 (vart delt ut i møtet)  
Styret sin møteplan 2015  
Orientering frå styreleiar

**Vedtak:**  
**Meldingane vert tekne til etterretning.**

**SAK 11/14 GODKJENNING AV ÅRSBUDSJETT 2015**

Styret sitt framlegg til årsbudsjett og budsjettkommentarar var sendt ut saman med innkalling. Styret sitt vedtak om budsjettet 2015 framgår av styresak 21/14:

*Samrøystes vedtak:  
Framlegg til budsjett 2015 er vedteke av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.  
Styret sitt vedtekne budsjett er vedlagt møteboka.*

Revisjonssjef orienterte om hovudpunkt i budsjett for 2015.

**Vedtak:**  
**Styret sitt framlegg til budsjett for 2015 vart vedteke.**

**SAK 12/14 GODKJENNING AV ØKONOMIPLAN 2016-2019**

Styret sitt framlegg til økonomiplan for 2016 til 2019 var sendt ut saman med innkalling. Styret sitt vedtak om økonomiplan framgår av styresak 22/14:

*Samrøystes vedtak:*

*Framlegg til økonomiplan 2015 – 2019 er vedteken av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.*

*Styret sin vedtekne økonomiplan er vedlagt møteboka.*

**Vedtak:**

Styret sitt framlegg til økonomiplan for 2016-2019 vart vedteke.

**SAK 13/14 VAL AV STYREMEDLEMMER OG NUMMERERTE VARAMEDLEMMER**

Valnemnda sitt forslag vart lagt fram i møtet.

Følgjande styremedlemer står på val denne gongen:

Nestleiar: Magne Rifsgård, Meland  
Medlem: Margrethe Ripplé Ådland, Osterøy

Varamedlemmene blir vald kvart år.

Etter vedtak i sak 05/10 i representantskapet tiltrer årets nyvalde styremedlemmer 01.01.2015. I same sak vart det vedteke at styret skal ha 3 nummererte varamedlemmer.

I lov om interkommunale selskap § 10 går det fram at reglane i aksjelova om representasjon av begge kjønn gjeld tilsvarande. Det medfører at det må vera minst 2 kvinner og 2 menn blant styremedlemmene og minst ei kvinne og ein mann blant varamedlemmene.

Valnemnda sitt forslag til val av styremedlemer framgår av kolonne 2 under:

Styremedlemer i 2014	Valnemnda sitt forslag for 2015 og 2016
Jorund Stellberg, Austrheim	(Vald for 2014 og 2015, ikkje på val)
Magne Rifsgård, Meland	Magne Rifsgård, Meland
Olav Steinar Namtvedt, Radøy	(Vald for 2014 og 2015, ikkje på val)
Lovisa Midtbø, Masfjorden	(Vald for 2014 og 2015, ikkje på val)
Margrethe Ripplé Ådland, Osterøy	Margrethe Ripplé Ådland, Osterøy
1. vara Reidar Hjertås, Meland	1. vara Reidar Hjertås, Meland
2. vara Vilgerd Storset Husa, Fedje	2. vara Vilgerd Storset Husa, Fedje
3. vara Kjersti Haugland, Radøy	3. vara Kjersti Haugland, Radøy

**Vedtak:**

**Valnemnda sitt forslag til val av styremedlemmer og varamedlemmer vart vedteke.**

**SAK 14/14 VAL AV STYRELEIAR OG NESTLEIAR**

I 2014 har Jorund Stellberg vore styreleiar og Magne Rifsgård nestleiar i styret.

Valnemnda sitt framlegg til val av styreleiar og nestleiar for 2015:

Styreleiar: Jorund Stellberg


Nestleiar: Magne Rifsgård

**Vedtak:**

**Jorund Stellberg vart vald til styreleiar og**

**Magne Rifsgård vart vald til nestleiar i styret for 2015.**

Isdalstø, 12. desember 2014.

  
Nils Marton Aadland  
Nestleiar i representantskapet

  
Kristin Handeland

  
Knut Moe

**STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS**

**MØTEUTSKRIFT STYRET**

Møtedato: 24. november 2014  
KI: 12.00  
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom  
Desse møtte: Jorund Stellberg (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple  
Ådland, Lovisa Midtbø, Reidar Hjertås vara for Olav Steinar Namtvedt  
Møteleiar: Jorund Stellberg,  
Forfall: Olav Steinar Namtvedt,  
I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Sigrun Tjore (tilsette sin representant)

**SAKSLISTE:**

- Sak 25/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.  
Sak 26/14 Godkjenning av møteutskrift av 06.10.14.  
Sak 27/14 Meldingar og orientering.
  - o Orientering om drift og aktuelle saker
  - o Rekneskap pr 31.10.
  - o Fagdag
  - o Heimeside orienteringSak 28/14 Førebuing representantskapsmøte 12.12.14.  
Sak 29/14 Eventuelt

**Jorund Stellberg ynskta velkommen til møtet.**

- Sak 25/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.**

**Samrøystes vedtak:**

**Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.**

- Sak 26/14 Godkjenning av møteutskrift av 06.10.14.**

**Samrøystes vedtak**

**Møteutskrift 06.10.14 vart godkjent.**

- Sak 27/14 Meldingar og orientering.**

Orientering om drift og aktuelle saker  
Rekneskap 31.10.14  
Fagdag

Orientering om heimeside vart utsett til neste møte.

**Samrøystes vedtak:**  
**Styret tek meldingar til etterretning.**

**Sak 28/14 Førebuing representantskapsmøte 12.12.14.**

Vedlagt innkalling var kopi av innkalling til møtet i representantskapet. Styret gjekk gjennom innkallinga og diskuterte aktuelle tema som bør informerast om på representantskapsmøtet.

**Samrøystes vedtak:**  
**Styret tek saka til orientering.**


**Sak 29/14 Eventuelt**

Det var ingen saker under eventuelt.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 27.04.2015 kl 1230.

Knarvik, 24.11.2014

  
Jorund Stellberg  
Styreleiar

  
Magne Rifsgård  
Nestleiar

  
Lovisa Midtbø

  
Margrethe Riple Adland

  
Reidar Hjertås

  
Reidar Bjørsvik  
revisjonssjef

Kopi: Ordførar/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor

**STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS**

**MØTEUTSKRIFT STYRET**

Møtedato: 10. desember 2014  
 Kl: 19.00  
 Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom  
 Desse møtte: Jorund Stellberg (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple  
 Ådland, Lovisa Midtbø, Olav Steinar Namtvedt, Reidar Hjertås  
 varamedlem  
 Møteleiar: Jorund Stellberg,  
 Forfall: Ingen  
 I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Sigrun Tjore (tilsette sin representant)

**SAKSLISTE:**

- Sak 30/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.
- Sak 31/14 Godkjenning av møteutskrift av 24.11.14.
- Sak 32/14 Austrheim kommune, framlegg om utmelding
- Sak 33/14 Eventuelt

**Jorund Stellberg ynskte velkommen til møtet.**

- Sak 30/14 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.**

**Samrøystes vedtak:**  
**Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.**

- Sak 31/14 Godkjenning av møteutskrift av 24.11.14.**

**Samrøystes vedtak**  
**Møteutskrift 06.10.14 vart godkjent.**

- Sak 32/14 Austrheim kommune, framlegg om utmelding**  
 Styreleiar og revisjonssjef orienterte om det som har skjedd i saka.

**Samrøystes vedtak:**  
**Saka teke til orientering.**

- Sak 33/14 Eventuelt**


Det var ingen saker under eventuelt.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 27.04.2015 kl 1230.


Knarvik, 10.12.2014

  
Jorund/Stillberg  
Styreleiar

  
Magne Rifsgråne  
Nestleiar

  
Lovisa Midtbø

  
Margrethe Riple Ådland

  
Olav Steinar Namtvedt

  
Reidar Bjørsvik  
revisjonssjef

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor



**STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS**

**MØTEUTSKRIFT STYRET**

Møtedato: 7. mai 2015  
 Kl: 12.30  
 Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom  
 Desse møtte: Jorund Stellberg (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple  
 Ådland, Olav Steinar Namtvedt, , Reidar Hjertås (vara for Lovisa  
 Midtbø)  
 Møteleiar: Jorund Stellberg  
 Forfall: Lovisa Midtbø  
 I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Randi Rykkje (tilsette sin representant)

**SAKSLISTE:**

- Sak 1/15 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.  
 Sak 2/15 Godkjenning av møteutskrift av 24.11.14.  
 Sak 3/15 Meldingar og orientering.  
 o Orientering om drift og aktuelle saker  
 o Rekneskap pr 30.03.  
 o Nordhordland Revisjon AS, generalforsamling  
 o Nordhordland Revisjon IKS, representantskapsmøte  
 o Orientering om heimeside  
 Sak 4/15 Rekneskap og årsmelding  
 Sak 5/15 Eventuelt

**Jorund Stellberg ynskte velkommen til møtet.**

**Sak 01/15 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.**

**Samrøystes vedtak:**

**Det var ingen merknad til møteinnkalling og sakliste.**

**Sak 02/15 Godkjenning av møteutskrift av 24.11.14.**

**Samrøystes vedtak:**

**Møteutskrift 24.11.14 vart godkjent.**

**Sak 03/15 Meldingar og orientering.**

- o Orientering om drift og aktuelle saker
- o Rekneskap pr 30.03.
- o Nordhordland Revisjon AS, generalforsamling
- o Nordhordland Revisjon IKS, representantskapsmøte

- o Orientering om heimeside

**Samrøystes vedtak:**  
**Styret tek meldingar til etterretning.**

**Sak 04/15    Rekneskap og årsmelding 2014**

Vedlagt innkalling var årsrekneskap 2014 med notar og utkast til årsmelding. Det var og lagt ved kopi av epost frå revisor om revisjon for 2014 og fullstendighetserklæring som er signert av dagleg leiar.

Revisjonssjef gjekk gjennom hovudpunkt i rekneskap og årsmelding.

Årsmelding og årsrekneskap vart gjennomgått og kommentert av styret.

Revisjonssjef foreslår at årets mindreforbruk blir disponert slik: Kr 5 122 blir avsett til disposisjonsfond.

**Samrøystes vedtak:**  
**Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og årsmelding.**

**Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:**  
**Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2014.**  
**Årets mindreforbruk, kr 5 122, blir avsett til disposisjonsfond øyremerka lønn- og pensjonsområdet.**

**Sak 05/15    Eventuelt**  
Det var ingen saker under eventuelt.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 01.06.2015.

Knarvik, 07.05.2015

  
Jorund Stellberg  
Styreleiar

  
Magne Rifsgråd  
Nestleiar

  
Reidar Hjertås

  
Margrethe Riple Adland

  
Olav Steinar Namtvedt

  
Reidar Bjørsvik  
revisjonssjef

Kopi: Ordførar/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor

# Nordhordland Revisjon IKS

## Styret si årsmelding 2014

### Type verksemd og lokalisering

Nordhordland Revisjon IKS leverer revisjonstenester til 7 kommunar i Nordhordland. Selskapet har kontor i Knarvik. Formål til selskapet er å levere tenester innan rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon til eigarkommunane i samsvar med kommunelova. Etter selskapsavtalen er det og høve til å utføre revisjon og rådgjeving til andre verksemdar.

### Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr 5 122 etter at negativt netto driftsresultat på kr 142 196 i hovudsak er dekkja ved budsjettert bruk av eigenkapital. Honorar og lønsutgifter er om lag som budsjettert. Sosiale utgifter er kr 97 000 over budsjett. Dette skuldast i hovudsak etterrekning av reguleringspremie for 2013, høgare premie 2014 og lågare utbetalt avkastning enn KLP sin prognose for 2014 viste.

Innkjøp er kr 95 000 under budsjett. Mindreforbruket er fordelt på fleire utgiftspostar.

Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettsvisande bilete av selskapets eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

### Utvikling

Selskapet prioriterer kompetanseutvikling. Dette omfattar formell utdanning og enkeltstående kursdeltaking. Vi ynskjer også at våre eigarar og kundar skal dra nytte av kunnskapsbygging. Dette blir gjennomført gjennom faglege samlingar og aktiv bruk av internett. Selskapet er medeigar i Nordhordland Revisjon AS som vart etablert i 2010. Dette selskapet er godkjent av Finanstilsynet for å utføre revisjon og rekneskapsføring og har i 2014 kjøpt tenester frå Nordhordland Revisjon IKS for kr 203 000.

### Fortsatt drift

Godkjent økonomiplan for perioden 2016-2019 viser ein årleg inntektsauke på 3 %. Ein arbeider med å utvida inntekspotensialet ved auka aktivitet gjennom sal av tenester til Nordhordland Revisjon AS. Rekneskapan er sett opp under føresetnad om at drifta held fram.

### Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Tiltak blir sett i verk ved behov.

### Likestilling og etikk

Selskapet har 3 kvinner og 1 mann tilsett pr. 31.12.2014. Av styret på 5 medlemmer er 3 kvinner. Det er ikkje planlagt særlege likestillingstiltak. Etikk blir følgd opp gjennom revisjonsmetodikk.

### Ytre miljø

Selskapet si verksemd påverkar ikkje det ytre miljø.


### Årsrekneskapan og resultatdisponering

Etter styret si meining gir økonomisk oversikt og balanse med notar uttrykk for verksemda sitt netto driftsresultat og mindreforbruk i 2014 og den økonomiske stillinga ved årsskiftet. Det er ingen forhold etter årsskiftet som verkar inn på vurderinga av rekneskapan for 2014.


Isdalstø, 7. mai 2015


  
Jorund Stellberg  
Leiar

  
Magne Rifsjørd  
Nestleiar

  
Lovisa Midtbø  
Styremedlem

  
Margrethe Riple Adland  
Styremedlem

  
Olav Steinar Namtvedt  
Styremedlem

  
Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef

4/15

## Nordhordland Revisjon IKS

		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT				
Inntekter	Note	2014	2014	2013
Honorar og andre driftsinntekter		4 532 716	4 533 963	4 346 664
Mva komp og sykelønn		141 806	200 000	223 477
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2</b>	<b>4 674 522</b>	<b>4 733 963</b>	<b>4 570 141</b>
Lønnsutgifter	3	-2 457 990	-2 471 824	-2 115 445
Sosiale utgifter	3, 4	-1 366 421	-1 269 885	-765 323
Kjøp av varer og tenester	3	-880 566	-974 500	-1 289 632
Mva på innkjøp		-141 806	-200 000	-219 165
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>2</b>	<b>-4 846 783</b>	<b>-4 916 209</b>	<b>-4 389 564</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>-172 261</b>	<b>-182 246</b>	<b>180 577</b>
<b>Finansinntekter og finansutgifter</b>				
Renteinntekter	2	30 134	30 000	35 383
Renteutgifter	2	-70	0	0
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>		<b>30 064</b>	<b>30 000</b>	<b>35 383</b>
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-142 196</b>	<b>-152 246</b>	<b>215 960</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>				
Bruk av udisponert fra tidligere år	7	630 675	380 246	371 555
Bruk av disposisjonsfond	7	74 000	74 000	74 000
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>704 675</b>	<b>454 246</b>	<b>445 555</b>
Overført til investeringsregnskapet	2	-34 928	-30 000	-30 840
Avsatt til disposisjonsfond	7	-522 429	-272 000	0
<b>Sum avsetninger</b>		<b>-557 357</b>	<b>-302 000</b>	<b>-30 840</b>
<b>Mindreforbruk (+) / Meirforbruk (-)</b>		<b>5 122</b>	<b>0</b>	<b>630 675</b>

## Nordhordland Revisjon IKS

ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING

		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
Finansieringsbehov	Note	2014	2014	2013
Kjøp av aksjer og andeler	4	-34 928	0	-30 840
<b>Sum finans og investeringstransaksjoner</b>		<u>-34 928</u>	<u>0</u>	<u>-30 840</u>
<b>Finansiert slik:</b>				
Overført fra driftsrekneskapet		34 928	0	30 840
<b>Sum finansiering</b>		<u>34 928</u>	<u>0</u>	<u>30 840</u>

# Nordhordland Revisjon IKS

## ØKONOMISK OVERSIKT BALANSE


Eiendeler	Note	2014	2013
<b>Anleggsmidler</b>			
Aksjer Nordhordland Revisjon AS	8	97 000	97 000
Egenkapitalinnskudd KLP	4	494 014	459 086
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>591 014</b>	<b>556 086</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
Kortsiktige fordringer	5	1 072 588	651 305
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	1 379 871	2 083 176
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>2</b>	<b>2 452 458</b>	<b>2 734 481</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>3 043 472</b>	<b>3 290 567</b>
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
<b>Egenkapital</b>			
Disposisjonsfond	7	1 226 929	1 300 929
Disposisjonsfond lønn og pensjon	7	522 429	0
Udisponert mindreforbruk (overskudd)	7	5 121	648 185
Kapitalkonto	7	591 014	556 086
<b>Sum egenkapital</b>	<b>1</b>	<b>2 345 493</b>	<b>2 505 200</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Annen kortsiktig gjeld		697 979	785 367
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>2</b>	<b>697 979</b>	<b>785 367</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>697 979</b>	<b>785 367</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>3 043 472</b>	<b>3 290 566</b>

Isdalstø, 07.05.2015  
Styret i Nordhordland Revisjon IKS

  
Jorund Stellberg  
Styreleder

  
Magne Rifsgård  
Nestleder

  
Margrethe Rippe Adland  
Styremedlem

  
Olav Steinar Namtvedt  
Styremedlem

  
Lovisa Midtbø  
Styremedlem

  
Reidar Bjørsvik  
Daglig leder

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2014

### Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med reglane i kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapskikk. Med unntak av eigenkapitalinnskott i KLP, blir all kjent tilgang og bruk av midlar gjennom året som gjeld selskapet si verksemd ført i driftsrekneskapen.

### Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapen er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for selskapet. Andre eigedelar er omløpsmidler. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon er omløpsmidlar.

### Vurderingsreglar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventå tap.

### Mva-plikt og mva-kompensasjon

Selskapet følgjer reglane i meirverdiavgiftslova for dei tjenesteområda som er omfatta av lova. Selskapet si øvrige verksemd følgjer lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

### Note 2 - Endring i arbeidskapital driftsregnskapet

<b>Anskaffelse av midler</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
Sum driftsinntekter	4 674 522	4 570 141
Renteinntekter	30 134	35 383
<b>Sum anskaffelse av midler</b>	<b>4 704 656</b>	<b>4 605 525</b>

<b>Anvendelse av midler</b>		
Sum driftsutgifter	-4 846 783	-4 389 564
Sum investeringsutgifter	-34 928	-30 840
Renteutgifter	-70	
<b>Sum anvendelse av midler</b>	<b>-4 881 781</b>	<b>-4 420 404</b>
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>-177 125</b>	<b>185 121</b>

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2014

### Endring i arbeidskapital balansen

Tekst	2014	2013
Omløpsmidler 01.01.	2 734 481	2 401 219
Omløpsmidler 31.12.	2 452 458	2 734 481
<b>Endring omløpsmidler</b>	<b>-282 023</b>	<b>333 262</b>
Kortsiktig gjeld 01.01.	785 367	654 735
Kortsiktig gjeld 31.12.	697 979	785 367
Korrigert resultatdisponering 2013	17 510	-17 510
<b>Endring kortsiktig gjeld</b>	<b>104 898</b>	<b>-148 142</b>
<b>Endring arbeidskapital</b>	<b>-177 125</b>	<b>185 121</b>

### Note 3 – Lønn m.m.

	2014	2013
Lønn	2 276 659	1 953 490
Styrehonorar	104 100	86 674
Reise- og utgiftsgodtgjørelse	77 231	75 280
<b>Sum lønsutgifter</b>	<b>2 457 990</b>	<b>2 115 445</b>
Arbeidsgiveravgift	471 522	342 433
Pensjon	887 087	416 668
Trekkpliktig forsikring	7 812	6 222
<b>Sum sosiale utgifter</b>	<b>1 366 421</b>	<b>765 323</b>

Det er i 2014 utbetalt lønn til revisjonssjef på kr 763 960.  
 Kostnad til revisjon av egen rekneskap er i 2014 utgiftsført med kr 24 600.  
 Selskapet har 4 faste stillingar og det er i 2014 utført 4 årsverk i selskapet.



# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2014

### Note 4 – Obligatorisk tenestepensjon

Selskapet sine tilsette har ytelsesbasert forsikringsavtale med KLP, tilsvarende kommunal pensjonsordning med 2% trekk i lønn. Netto pensjonsforpliktelse er ikke bokført. Årets premie til pensjonsordninga er kostnadsført i resultatrekneskapen med kr 887 087.

Pensjonsforpliktelse	2014	2013
Brutto påløpt forpliktelse	15 695 796	14 987 625
Pensjonsmidlar	-13 210 441	-11 821 623
Netto forpliktelse før arb.gj.avgift	2 485 355	3 166 002

Denne netto pensjonsforpliktelsen er det eigarkommunane heftar for ved ei eventuell oppløysing av selskapet.

Betalt eigenkapitalinnskott i KLP for 2014 er kr 34 928.  
Eigenkapitalinnskott pr. 31.12.2014 utgjer kr 494 014.

### Note 5 – Kortsiktige fordringar

Kundefordringar og andre kortsiktige fordringar er bokført til pålydande verdi.

### Note 6 – Bundne midlar

Bundne midlar på skattetrekkskonto utgjorde pr. 31.12.2014 kr 135 654. Skuldig skattetrekk pr. 31.12.2014 var kr 102 651.

### Note 7 – Eigenkapital

Endringane i eigenkapital viser til vedtak i representantskapet

	<u>Disposisjons- fond</u>	<u>Disp.fond lønn/pensjon</u>	<u>Mindre- forbruk</u>	<u>Kapital- konto</u>
Saldo 01.01. (negativt tall = positiv egenkapital)	-1 300 929	0	-648 185	-556 086
Korreksjon resultatdisponering 2013			17 510	
Bruk av disposisjonsfond sak 10/13	74 000			
Bruk av mindreforbruk 2013, sak 10/13 ut fra prognose for regnskapet 2013.		-272 000	380 246	
Bruk av rest mindreforbruk 2013, sak 04/14		-250 429	250 429	
Eigenkapitalinnskott KLP				-34 928
Årets resultat udisponert			-5 121	
Saldo 31.12. (negativt tall = positiv egenkapital)	-1 226 929	-522 429	-5 121	-591 014

# NOTER

## Nordhordland Revisjon IKS 2014

### Note 8 – Aksjer

<u>Selskap</u>	<u>Antall</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Kostpris</u>	<u>Stemme- rett</u>	<u>Utbytte- rett</u>
Nordhordland Revisjon AS	1 A	1 000	1 000	Ja	Nei
Nordhordland Revisjon AS	96 B	1 000	96 000	Nei	Ja

## MELDING FRÅ REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

Me har revidert årsrekneskapen for Nordhordland Revisjon IKS, som er samansett av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr. -142.196, og eit mindreforbruk på kr 5.122, avslutta per denne dato, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen AS  
Statsautoriserte revisorer  
Strandavegen 11  
Postboks 136, NO-5701 Voss  
T:+47 56 52 04 00 F: +47 56 52 04 01  
Org.nr. 982 316 588 MVA

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvissande bilete i samsvar med lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at me etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Me meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Me meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Nordhordland Revisjon IKS per 31. desember 2014 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

### **Uttale om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnad om at drifta held fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 7.mai 2015

**RSM Håsnør Kjelstrup & Wiggen AS**



Åse Steen-Olsen  
Statsautorisert revisor

4/15

## Reidar Bjørsvik

---

**Fra:** Åse Steen-Olsen <aso@rsmi.no>  
**Sendt:** 10. mars 2015 17:22  
**Til:** Reidar Bjørsvik  
**Emne:** NHR IKS 2014  
**Vedlegg:** Uttale frå leiinga nynorsk.docx; noter NHR 2014.pdf

Hei

Eg er ferdig med revisjonen og rekneskapen er flott bokført og dokumentert!

Sender vedlagt uttale frå leiing som eg ysnkjer underskrift på. Du kan vurdra om du skal retta note om endring i arbeidskapital, sjå vedlegg.

*↳ Er korrigert.*

Bilaga er sendt i posten i dag

### Åse Steen-Olsen

Partner Voss/statsautorisert revisor

Dir: +47 56 52 04 03  
Mob: +47 91 68 46 18  
Fax: +47 56 52 04 01

RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen AS  
Avd Voss Strandavegen 11  
Postboks 136  
5701 Voss

[aso@rsmi.no](mailto:aso@rsmi.no) / [www.rsmi.no](http://www.rsmi.no)

European  
Business  
Awards™

Sponsored by



Is your business a European Winner?

RSM is proud to be lead sponsor of the European Business Awards - recognising and promoting excellence, best practice and innovation in the European business community.

Please contact me if you would like to be a nominee.

To find out more click here!

---

The information contained in this communication is intended solely for the use of the individual or entity to whom it is addressed and others authorized to receive it. It may contain confidential or legally privileged information. If you are not the intended recipient you are hereby notified that any disclosure, copying, distribution or taking any action in reliance on the contents of this information is strictly prohibited and may be unlawful. If you have received this communication in error, please notify us immediately by responding to this email and then delete it from your system.

---

Nordhordland Revisjon IKS  
5902 Isdalstø

RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen AS  
avd Voss, postboks 136  
5701 VOSS

Isdalstø, 2015

### Uttale til årsavslutning 2014 for Nordhordland Revisjon IKS

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av årsrekneskapen for Nordhordland Revisjon IKS for året som vart avslutta den 31. desember 2014. Føremålet er å kunne konkludere på om rekneskapen i det alt vesentlege gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Me stadfestar etter beste evne og overtyding at:

#### *Rekneskap*

Me har oppfylt ansvaret vårt for å sjå til at selskapet sin rekneskap og formuesforvaltning er underlagt tilfredsstillande kontroll, inkludert slik intern kontroll som me finn naudsynt for å gjera det mogeleg å utarbeida ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil. Me har vidare oppfylt vårt ansvar for utarbeiding av rekneskapen, og meiner at rekneskapen gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Viktige føresetnader som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapsestimat, inkludert rekneskapsestimat målt til verkeleg verdi, er rimelige.

Me har teke tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om tilhøve til nærståande partar og transaksjonar med desse i samsvar med krava i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Det er ikkje hendingar etter rekneskapsavslutninga som fører til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i, årsrekneskapen eller notar til årsrekneskapen.

Me meiner at verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentlig, både enkeltvis og samla for rekneskapen som heilskap.

#### *Opplysningar som er gjeve*

Me har gjeve revisor:

- Tilgang til alle opplysningar som me har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen, som rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker
- tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
- uavgrensa tilgang til personar i selskapet som det etter revisor si vurdering er naudsynt å innhenta revisjonsbevis frå.

Alle transaksjonar er registrert i rekneskapspostar og reflektert i rekneskapen.

Me har gjeve revisor opplysningar om resultatata av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalda vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd.

Me har gjeve revisor alle opplysningar om eventuell misleg framferd eller mistankar om misleg framferd som me er kjent med og som kan ha påverka selskapet, og som involverer:

- leiinga,
- tilsette som har ei viktig rolle i intern kontroll, eller
- andre der misleg framferd kunne hatt vesentleg innverknad på rekneskapen.


Me har gjeve revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om misleg framferd eller mistanke om misleg framferd som kan ha påverka selskapet sin rekneskap og som er kommunisert av tilsette, tidligare tilsette, analytikarar, tilsynsmyndigheiter eller andre.

Me har gjeve revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha påverknad for utarbeiding av rekneskapen.

Me har gjeve revisor opplysningar om identiteten til selskapet sine nærstående partar og alle tilhøve til nærstående partar og transaksjonar med desse som me er kjent med.

Me har på forsvarleg måte bokført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i notane til rekneskapen gjeve opplysningar om alle garantiar ovanfor tredjepartar.

Selskapet har tilfredsstillande heimel til alle egedelar, og det er ingen pantsetjingar eller hefte på selskapet sine egedelar, med unntak av dei som går fram av notane til rekneskapen.



Reidar Bjørsvik

Dagleg leiar

Nordhordland Revisjon IKS

Godtgjering styre og representantskap - tidlegare vedtak

Sak	Leiar Virkning fra 01.01.	Nestleiar Virkning fra 01.01.	Møtegodt- gjersle Virkning fra vedtak	Tapt arb.fortj udokumentert Virkning fra vedtak	Tapt arb.fortj dokumentert Virkning fra vedtak	Representant skap
02/ 2005	15 000	5 000	500	700	1 500	0
07/ 2008	20 000	5 000	500	700	1 500	0
06/ 2009	21 000	6 000	600	800	1 600	0
11/ 2010	25 000	6 200	700	900	1 800	0
05/ 2011	30 000	7 000	1 000	1 000	2 000	0
06/ 2012	33 000	7 000	1 100	Inntil 1500	Inntil 3000	0
05/2013	34 000	7 500	1 500	Inntil 1 600	Inntil 3 300	0
05/2014	35 000	8 000	1 500	Inntil 1 600	Inntil 3 300	0

5/15



## NOTAT

**Til:** Representantskapet  
**Sak:** Sak 5/15 Valnemnda sitt framlegg til styregodtgjersle  
**Dato:** 22.05.2015  
**Frå:** Valnemnda

Godtgjersle leiar og nestleiar gjeldande frå 01.01.:

	Gjeldande	Valnemnda sitt framlegg
Godtgjersle leiar	Kr 35 000	
Godtgjersle nestleiar	Kr 8 000	

Nye øvrige satsar med virkning frå vedtak:

	Gjeldande	Valnemnda sitt framlegg
Møtegodtgjersle	Kr 1 500	
Tapt arbeidsfortjeneste udokumentert	Inntil kr 1 600	
Tapt arbeidsfortjeneste dokumentert	Inntil kr 3 300	



REVISORGRUPPEN

6/15  
Revisorgruppen Hordaland DA  
Postboks 63 Kristianborg  
5822 BERGEN

Nordhordland Revisjon IKS  
Postboks 16  
5902 ISDALSTØ

155  
Org.nr: NO 893046372 MVA  
Foretaksregisteret  
Tlf: 55557777  
Faks: 55557770  
Epost: bergen@rg.no

Fakturanr: 16682  
Kundenr: 10281  
Dato: 30.04.2014  
Forfall: 10.05.2014  
Kid nr: **001668200102815**  
Bankkonto: 15030696430

## Faktura

### Revisjon 2013

Revisjon årsoppgjør

24 600,00

Fakturasum eks. mva.

24 600,00

Mva. (25%)

6 150,00

**Faktura totalt**

**30 750,00**

13700 - 31  
5/5-14  
B

Bet

Ved betaling etter forfall påløper renter med 10 %

Mva.pliktig	Mva.fritt (*)	Mva.beløp	Totalt NOK
24 600,00	0,00	6 150,00	30 750,00

Benyttes ved betaling: Kid nr: 001668200102815